# Årsplan for Utigarden barnehage 2024/2025



**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

**INNHALD:**


- *Kontaktinfo……s. 3*
- *Visjon og verdiar s. 4 – 5 …*
- *Årshjul s. 6*
- *Marihøna s. 7*
- *Grevlingen s, 8*
- *Berekraft gjennom årstider …s.15*
- *Språk og kommunikasjon s.20*
- *Fagområda i praksis… s. 21 - 25, omsorg, leik og læring… .s. 26 - 28*
- *Vaksenrolla i leiken… .s. 29*
- *Sosial kompetanse og mobbing s. 30*
- *Barns medverknad…. 31*
- *Samarbeid med barna sine foreldre/føresette s. 32*
- *Samarbeid med grunnskulen og andre instansar . ..s. 33*
- *Overgang frå barnehage til skule…s. 34-35*
- *Dokumentasjon og vurdering… s. 36-37*
- *Formålet med årsplan.s. 39 -*


## Kalenderplan

Denne årsplanen er utforma som ein kalender. Informasjon om barnehagen og avdelingane er fremst. Kvar månad står det litt generelt om temaet vi jobbar med. Det blir også sendt ut eigen periodeplan når det blir nytt tema, og dei oppdaterte vekeplanane vil også bli sendt ut. I kalenderdelen til årsplanen har vi lagt inn det vi kjenner til om fridagar, planleggingsdagar, felles arrangement, bursdagar, epost og telefonnummer.

## Kidplan

Kidplan er vår primære kommunikasjonsplattform med føresette, utanom den daglege kontakta i garderoben. Der sender vi mellom anna ut diverse informasjon, innkalling til foreldresamtalar, push-varsel på planar og bilder vi har lagt ut. Det er derfor viktig at barnehagen har rett e-postadresse og telefonnummer til føresette. Faktura for barnehageplass blir også sendt ut med e-post.

## Kontakt info:



Eigarstyret:
Styreleiar: Linda Slyngstad
Styremedlem: Eivind Slyngstad

Styrar: Lisbeth Farstad
Kontor: 41861108/93258945
Marihøna: 95 12 04 40
Grevlingen: 95 03 94 87

E-post:

Styrar@utigardenbarnehage.no

marihona@utigardenbarnehage.no

grevlingen@utigardenbarnehage.no

Samarbeidsutvalget (SU):
Foreldre: Simon Vinding Blindheim
og Jannicke Rye-Wollstad
Ansatte: Marthe Nesset

Utigarden barnehage er ein privat barnehage med eit hjarte for eit aktivt friluftsliv!
Barnehagen tok imot dei første barna 16. august 2004. Drifta av barnehagen på Slyngstad vart nedlagt i 2024 og flytta til flotte lokaler i lag med Grytastranda Montessoriskule på Grytastranda. Vi har i dag 19 barn fordelt på 2 grupper.

**I Utigarden barnehage legg vi spesielt vekt på å la barna få:**

- Tid og rom til å leike
- Ha naturen som leikeplass
- Bli kjent med og bli glad i naturen, gi dei eit ønske om å ta vare på den
- Utvikle grov- og finmotoriske ferdigheiter
- Kjensle av fellesskap og omsorg for kvarandre
- Handle og lære gjennom erfaring
- Kjennskap til og omsorg for dyr
- Følgje årstida med aktivitetar i nærmiljøet
- Medverke i planlegging og vurdering av sin eigen kvardag
- Delta i førebuing av sunne måltid



**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Ute i det fri kjem barna på gli!

Visjonen vår viser at vi er mykje ute. Naturen gir utfordringar og serverer eit mangfald av moglegheiter. Vi er ute det meste av dagen, og nyter godt av det kuperte uteområdet som har innafor barnehageområdet

Vi har få leikeapparat, så barna får bruke naturen kreativt i leiken!
Ute får barna ro til å leike i en atmosfære med naturen sine lukter, lyder og stemningar.
Om vêret er dårleg, kan vi trekke inn i den fine Hobbit hytta som ligg på skuleområdet. Om vi vil lage mat ute kan vi gå til leirplassen der vi kan sitte under tak og lage mat.
Vi legg opp til mykje aktivitet ute, men sjølvsagt vil dei yngste være ute i kortare periodar på dei kaldaste og våtaste dagane. Det er viktig at alle har godt med kle og utstyr som eignar seg til lange ute dagar til alle årstider. Dette gjer dagen kjekkare for ditt barn!



# Verdiane våre

**Inkluderande og trygt**

- Barna skal bli møtt av trygge og omsorgsfulle vaksne
- Barna skal vise at dei har omsorg og respekt for kvarandre.
- Barna skal oppleve at dei blir inkludert i leiken.
- Barna skal oppleve at alle blir sett og høyrd
- Barna skal oppleve gode relasjonar mellom dei vaksne, mellom vaksne og barn, og mellom barna.
- Barna skal oppleve at alle er like mykje verdt



**Naturglede**

- Barna skal få kjekke natur og sanse opplevinga ute i all slags vær året rundt.
- Barna skal få medverknad til sin eigen kvardag og utvikling
- Barna skal få god tid til leik og variert aktivitet på ein naturleikeplass.
- Barn skal lære å  tileigne seg respekt og glede over naturen og ynskjer å ta vare på den.
- Barna får vere i rørsle og bruke kroppen sin i ulendt terreng.
- Barna skal oppleve glede gjennom leiken i lag med andre.
- Barna skal oppleve meistring i naturen.

**Måltidsglede**

- Barna skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap under måltida.
- Barna skal sitte i små grupper, der det er rom for lytting og gode samtaler
- Barna skal oppleve meistring med å vere delaktige i måltidet.
- Barna skal medverke i matlaging i små matgrupper.
- Barna skal få erfaringar med å lage mat på bål
- Barna skal bli kjente med innhausting av råvarer
- Barna skal få erfaring med eit variert kosthald og smake på ulike matrettar.

# Årshjul Utigarden Barnehage 2024-2025

| | | | |
|---|---|---|---|
| **August** | | **Januar** | |
| Måndag 27.07. | Først dag etter ferien | **Torsdag 2.1.25** | Først dag etter jul |
| **15.08.** | **Kommunal planleggingsdag** | Mandag 6.01.25 | Kommunal planleggingsdag |
| **16.08.** | **Planleggingsdag** | **Februar** | |
| | | Torsdag 6. | Samane sin dag |
| **September** | | Veke 8 | Vinterferie i skulen |
| **Tirsdag 10.** | **Foreldremøte** | 28.02. | Vinterfest i barnehagen |
| Veke 38 | Brannvernveke | **Mars** | Foreldresamtaler |
| Tirsdag 17. | Varsla brannøving | | |
| | Oppstartsamtaler | **April** | |
| **Oktober** | | Torsdag 10.04. | Påskefrokost |
| Torsdag 3. | Haustfest ilag med skulen | Veke 16 | Påskeferie, barnehagen stengt |
| Veke 41 | Haustferie i skulen | Tirsdag 22.04. | Oppstart etter påske |
| | Foreldresamtaler | | |
| 29.10.24 | Kommunal planleggingsdag | Mai | |
| **November** | | 1.mai | **Barnehagen stengt** |
| | Foreldresamtale | 16.mai | Mini 17.mai |
| | | Torsdag 29.mai | **Kristi Himmelfarstdag** |
| | | Fredag 30.mai. | **Planleggingsdag , barnehagen stengt** |
| **Desember** | | | |
| | Julevandring | **Juni** | |
| Torsdag 19. | Julefest ilag med skulen | Fredag 20. | Siste skuledag |
| Mandag 23. | Siste dag før jul, påmelding | Mandag 23. | Jonsokfeiring |
| | | **Juli** | |
| Veke 52 | Barnehagen er stengt (Juleferie) | **Fredag 4.** | Siste dag før ferien |

# Marihøna

*«Marihøna er avdelinga for dei yngste barna. Her har vi spesielt fokus på å skape ei trygg og roleg atmosfære for barna"*

Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, då er det viktig at omsorg og tryggleik står i fokus, så både barn og foreldre blir trygge på overgangen heim-barnehage. Vi har fokus på gode rutinar, så barn blir trygge på kva som skal skje, og får ein føreseieleg kvardag. Vi legg vekt på å ha ein tett og god relasjon til foreldre, så barnet ditt får det best mogleg i barnehagen. I kvardagen prøver i dele i små grupper ved aktivitetar, dette så barna får meste mogleg ro rundt aktivitetane. På Marihøna er vi veldig glade i å være ute, vi har eit kjekt og variert naturområde som inspirera til mykje leik og aktivitet. Sjølv om vi er ute kvar dag i all slag vær, så kan det bli litt mindre tid ute på vinteren, vi ser barnet sitt ehov og tilpassar oss etter det.



Dei vaksne på Marihøna:

- Kirsti Elida, pedagogisk leiar
- Hilde, assistent
- Camilla, assistent
- Karolina, vikar
- Lisbeth, pedagog

Barna på Marihøna blir:

- Elias
- Mia
- Vilde
- Lykke
- Emil
- Luna
- Ylva
- Tomine

# Grevlingen

*„Grevlingane er avdelinga med dei eldste barna, dei er ute det meste av året.“*

Det siste året har dei jobba med årstider, og i vår laga dei ein fin kjøkkenhage, på slutten av førre år var det også jobba med miljøvern og kjeldesortering. Dette såg vi fenga barna og ynskjer å bygge vidare på jobben vi starta førre år. Dette barnehageåret vil berekraft i barnehagen stå i fokus, i rammeplan for barnehagar står det skal barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Dette vil vi jobbe med på ulike måtar gjennom alle årstidene. Vi har eit tett samarbeid med skulen, og vi har både formelle treff, som er førskuletreff 1gong i månaden og uformelle treff der dei som skal begynne på skulen får bli med på ulike aktivitetar ilag med elevane.



Barna på Grevlingen er:

- William
- Lucja
- Nicolai
- Maria
- Trygve
- Sander
- Live
- Tiril
- Varg
- Isak





Dei vaksne på Marihøna:

- Siv Anita, pedagogisk leiar
- Marthe , assistent
- Camilla, assistent
- Karolina, vikar
- Lisbeth, pedagog

# Mål for barnehage året :

Hovedmål for dette barnehage året blir :

**Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare gleda med leik, samt vise respekt og omsorg for kvarandre.**

Del mål:

• Barna skal få ein trygg og føreseieleg barnehagekvardag med hjelp av dagtavle på morgonsamling

• Barn skal få oppleve meistring og få allsidige rørsleerfaringar gjennom leik i naturen.

Å styrke alle barn sin språklege kompetanse med særleg fokus på bruk av ASK symbol i rutinesituasjoner, i leiken, i samling og med høgtlesing

• Inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne

**Å høyre til**

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

*Jan-Magnus Bruheim*

## «Å høyre til»

- I år er vi med i eit utviklingsprosjekt i regi av Haram Kommune, «Å høyre til» ,her er det særs fokus på eit inkluderande språkmiljø. Vi har valt å arbeide med bruk av alternativ supplerande kommunikasjon inn mot leiken til barna, og vår problemstilling i dette prosjektet er : *Korleis bruke ASK symbol som støtte for inkludering i leik/rolle leik?* I dette prosjektet vil vi har fleire kommunale planleggingsdagar og vi får rettleiing frå Høgskulen i Volda rett inn mot vårt prosjekt. Det første vi vil satse på er leiken til barna, og bruke tid på å legge til rette for leik, delta og observere leiken til barna.» Personalet skal fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek» Rpl 17.

# Vi jobbar med

## TRAS:

Observasjonsverktøyet TRAS gir kunnskap om barnet si språkutvikling i alderen 2-5 år og nyttast i vår barnehage ved kartlegging av barn som har språklege utfordringar.

## Livet & Sånn

.

Alle barnehagane, skulane, PPT og helsestasjon i Haram kommune møter dei same barna og jobbar med å gi dei språk og verktøy til å meistre livet og dei utfordringane dei kan møte. Livet & sånn er eit gratis opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Alle Med:

ALLE MED er eit observasjonsskjema der barnet si utvikling kjem tydeleg fram. Det er eit skjema som følgjer barnet gjennom hele barnehagetida og gir eit bilde av barnet si meistring. Utviklingsnivå. Tema er : Språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling

## ASK

Alternativ og supplerande kommunikasjon er å kommunisere ansikt til ansikt på andre måtar enn med tale. ASK kan vere ei erstatning for tale, støtte for å utvikle tale eller eit supplement til låg eller utydeleg tale. Vi brukar dette til alle barna, der vi brukar bildestøtte ved beskjeder, dagtavle bilde på samling, bildar i garderobe og bilde støtte til songar. Dette året vil vi ha ein ekstra fokus på bruken av ask i leiken for å inkludere alle med støtte av ASK symbol, då vil vi ha ask symbol i ulike leikesituasjonar både ute og

.




**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Omsorg

Omsorg er grunnleggande for at barna skal  vere trygge og trivast. Det er ei primæroppgåve for barnehagen å legge til rette for omsorgsfulle relasjonar, både mellom barn/vaksne og barn/barn, dette gir eit godt grunnlag for trivsel, glede og meistring.  I arbeidet med omsorg vil vi ha fokus på dette:

- Gi trøyst og rettleiing
- Samarbeide med heimen om oppdragarrolla
- Ha god kommunikasjon, barn/foreldre/personale
- Sørge for at alle blir sett, kjenner seg trygge og kjenner tilhøyrsle til barnehagen.
- Gi fysisk kontakt når barna tek initiativ til det
- Gi barna tid, for å forstå kva barna utrykkjer
- Vise respekt for kvarandre
- Oppfordre barn til å hjelpe kvarandre og rose når barn viser omsorg for kvarandre
- Skape rom for utprøving og læring.
- Ha eit godt kosthald
- Snakke om kvifor, ikkje krevje eit "unnskyld"
- Skape sjølvtillit og legge til rette for meistring
- Vere tydelege og sette grenser
- Skape ro, ikkje stresse
- Sjå også "dei stille barna"



# Barns sin medverknad

I barnehagen vår skal barna ha rett til å gi uttrykk for sitt syn på sin eigen kvardags. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Vi vil vektlegge barna sine synspunkt i samsvar med alder og modning!

Vi vil i år ha spesielt fokus på fylgjande i vårt arbeid med barns medverknad:

| Marihøna | Grevlingen |
|---|---|
| ❖ Medverknad på ulike nivå, individuelt, i gruppe og som representant for gruppa<br>❖ Utgangspunkt i barna sine interesser<br>❖ Bli møtt, sett og høyrd<br>❖ Lese kroppsspråk og vere bevisst eige kroppsspråk<br>❖ Gi tid og rom for undring<br>❖ Medverknad i dokumentasjonsarbeid | ❖ Samtale og lytting<br>❖ Kroppshaldningar og kjensler<br>❖ Sjå kvar enkelt<br>❖ Ta utgangspunkt i barna sine interesser<br>❖ Medverknad i dokumentasjonsarbeid<br>❖ Få ansvar på turar<br>❖ Få ”dele den eg er”<br>❖ Dagens hjelpar |

# Sosial Kompetanse

Dette er grunnleggande for all læring og ei grunnleggande ferdigheit for å utvikle relasjonar med andre. Barna lærer det berre gjennom samspel med andre, der dei får opplevingar, utprøvingar og erfaringar ilag.
Gjennom fokus på sosial kompetanse jobbar vi også med å forebygge krenkande adferd

Slik vil vi gjer det:

- Alle skal respektere kvarandre i relasjon barn-barn, vaksen-barn og vaksen-vaksen.
- Vaksne som rollemodellar for barna – måten vi omtaler andre på er viktig, og relasjonen vi har til eit barn kan smitte dei andre – på godt og vondt.
- Personalet skal være tett på og bygge trygge relasjoner til barna, samt hjelpe til samspel og trivsel.
- Alle barn har rett til å oppleve vennskap.
- Pedagogene har eit særleg ansvar for å oppdage når barn manglar leikekompetanse, og jobbe målbevisst i personalgruppa for å styrke denne.
- Personalet skal støtte barna i den sosiale og språklege utviklinga gjennom samspel, i leik og aktivitetar og med ASK symbol
- Vi vil sette av tid til å samtale med barna om korleis dei har det i barnehagen, tilpassa barna sin alder og utvikling.



**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Leiken

Leiken er noko vi set veldig høgt i barnehagen. Vi vil at det skal vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sine eigen kultur. Leiken har betydning for barna sin trivsel og den er ei grunnleggande livs- og læringsform. Vi vil organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typer leik.  Vi ynskjer å ha eit inkluderende miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede med leik. Vi vil også rettleie barna dersom leiken medfører til uheldige samspelsmønster. Vi vil også bruke ASK symbol som støtte i leiken for alle barna. Dei vaksne skal støtte barna til å ta initativ til leik og aktivt bidra til at alle blir inkludert. Dette gjennom å delta aktivt i leiken med barna.




**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Læring

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet.

Barnehagen skal støtte nysgjerrigheit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst hos barna.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskartrong. De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Vi vil legge til rette for vennskap og gode relasjoner. Dette meiner vi er føresetnader for god læring og oppleving av glede og meistring.

Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Vi vil styrke barna si læring både i formelle (planlagte) og uformelle læringssituasjonar (kvardagsaktivitetar).

Barna sine interesser og spørsmål skal danne grunnlaget for våre læringsprosessar og tema-arbeid i barnehagen.

Vi vil dele av vår kunnskap og vise engasjement. Vi vil ha ein anerkjennende veremåte i høve til barns læring.

# Vaksnerolla i leiken

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs, dei skal alltid ha barna sitt beste i fokus. Personalet må gi leiken gode vilkår i barnehagen og sørge for eit miljø som er tilrettelagt og stimulerer til leik. Barna må få prøve sjølv, utforske og vere nysgjerrige!

Som vaksne i Utigarden skal vi

- Være til stade, tilgjengelege og gi tryggleik.
- Observere.
- Tilføre materiell.
- Respondere positivt ved invitasjon til leik.
- Inspirere leiken.
- Støtte barna sine initiativ.
- Vere leiken sin beskyttar, verne god leik.
- Hjelpe barn til deltaking ved å skape rollar.
- La barna hjelpe til med praktisk arbeid.
- Vere leikekamerat for å auke status.
- Vidareutvikle leiken, styre ved behov.
- Vere samtalepartnar.
- Vere kulturformidlar.
- Observere.
- Bruke praksisforteljing og refleksjon.



# Kosthold

I Utigarden Barnehage har vi vore oppteken av eit sunt og variert kosthald i mange år, og vi følgjer råd og retningslinjer frå helsedirektoratet  Vi har som tradisjon og servere grove heimebaka brød kvar dag, både til frukost og lunsj. I det daglege prøvar vi også å bruke mindre produkt som er ultraprosesserte. Enkelte dagar serverer vi også havregrynsgraut til frukost. Vi prøvar å servere eit varmt måltid ein gong i veka, her likar vi å bruke reine råvarer, som td fisk, kjøt med ulike grønsaker. Vi har hatt kurs med «Fiskesprell» der personale fekk mykje inspirasjon til å lage god mat til barn av fisk. Døme på populære måltid er: «skattekiste» ( som er fisk med grønsaker i folie)  eller grønnsaksuppe, begge laga på bål.   Suppene har vi som tradisjon å lage frå botn, vi er også så heldig at vi har foreldre som forsyner oss både med grønsaker og kjøt. I haust har vi både fått hjortekjøt, krabbe og ulike grønsaker som barna har fått smake på i ulike matrettar td rødbetvaffler og squashkaker. I rammeplan står det: « Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner.» Rpl 17

Ved bursdagsfeiring får barna velje mellom ulike sunne alternativ som td, smoothie og pastasalat .









**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Overgang barnehage -skule

I barnehagen skal vi legge til rette for at barna kan få ta avskjed med barnehagen på ein god måte, dei skal glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. No deler vi bygg med Grytastranda Montessoriskule og her blir dei godt kjende med både barna og dei vaksne før dei begynne på skulen. Det er faste førskuletreff 1 gong i månaden året før dei begynner på skulen. Dei har og andre aktivitetar ilag med skulen, som td turar i nærområdet, tur til bålplassen for å lage mat på bål ilag med skuleelevane, fakkeltog og felles haustfest og julefest. Alt dette gjer at barna får ein trygg og god overgang til skulestart.



**Vi vil jobbe med dette i førskuleklubben :**

- Å stimulere språket i spel og leik, gi rom for rolleleiken
- Å vere støttande og undrande til leik med bokstavar, lesing og tekst
- Å øve inn blyantgrep, oppmuntre til å skrive namnet sitt, leikeskrive
- Å bli kjende med bokstavlydar
- Konstruksjonsleik, leik med former og mønster
- Spel med matematiske omgrep
- Eksperimentering (motsetnader, høgde, vekt, temperatur)
- Sortering og sammenlikning, storleik og rekkefølge
- Trafikkreglar
- Klokka, vekedagar og månader
- Posisjonar og plasseringar
- Sjølvstende ved måltid, påkledning og dogåing
- Forteljarkompetanse, fortsetje ei historie/gjenfortelje
- Dramatisering
- Rim, regler, vitser og gåter
- Sosial kompetanse og humor☺




**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Språk og språkstimulering

Språk er eit kommunikasjonsmiddel for å uttrykkje kjensler, tankar, meiningar. Språk er difor også døropnar for sosial meistring og ein viktig faktor inn mot arbeidet for trivsel for leik og læring. Språket skaper grunnlag for gode relasjonar, for deltaking i leik og som reiskap til å løyse konflikt

**Slik vil vi jobbe med språkstimulering :**

- ”Bade i språk” – fokus på språkstimulerande miljø
- Eventyrformidling ved hjelp av konkretar.
- Bli sett og forstått, også når ein brukar det non-verbale språket.
- Høgtlesing i formelle og uformelle situasjonar
- Leike med bokstavar både gjennom lytting og teikning.
- Leike skriving.
- Leike med språket med rytme, lyd og rim.
- Brettspel
- Bruke språket bevisst i alle situasjonar ilag med barna
- Bruke ASK symbol

**Mål dette året:**

Å styrke alle barn sin språklege kompetanse med særleg fokus på bruk av ASK symbol i rutinesituasjoner, i leiken, i samling og med høgtlesing



## August ,
## Bli kjent

I august er det oppstart for veldig mange barn. Dei fleste har inga tidlegare erfaring med barnehagelivet og går no inn i ein av dei største overgangane i livet sitt. Det aller viktigaste stikkordet i denne perioden er tryggleik! Alle barn er ulike, og medan nokre er klar for det nye spanande livet ganske raskt, tek det lengre tid for andre. I Utigarden Barnehage legg vi opp tilvenninga etter behovet til barnet, vi har sett av god tid til både barn og føresette. I tilvenningstida får alle barna ein av dei tilsette som primærkontakt. Dette vonar vi skal bidra til å gjere barnehageoppstarten til ein positiv og god oppleving for alle saman. Personalet har ansvar for å leggje til rette for ein god start. Den første tida skal vere prega av gode rammer og rutinar.

For mange barn er det også tilvenning på ny avdeling denne perioden. Her er det stor fokus på å bygge vennskap og trygge relasjoner mellom barna og dei vaksne på den nye avdelinga, vi prøver også å få til at ein vaksen fra småbarn blir med over til ny avdeling.

**Fokus denne månaden:**

- Bli trygg nok på si eiga avdeling til at avskjeden med foreldra går fint.
- Knytte nye relasjonar og bli kjent med nye barn og vaksne.
- Bli trygg på dei nye lokala til barnehagen.
- Bli trygg på nye rutiner i den nye barnehagen.
- Bli trygg på uteområdet til barnehagen.



# August 2024



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31 | | | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| 32 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| 33 | 12 | 13 | 14 | 15<br>Live 4 år | 16 | 17 | 18 |
| 34 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 35 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## September

### Brannvern

Brannvern Eit fast tema i september er brannvern og då kjem vi ikkje utanom Bjørnis, som har blitt den store barnehage helten. Vi brukar mykje av brannvern materiellet som er laga rundt Bjørnis, noko som gjer det lettare for ungane å forstå brannvern.

- Brann-og redningsaksjon
- Brannøving
- Besøk av brannbil – kva utstyr er i brannbilen?
- Bjørnis-samling med plansjen
- Lese Bjørnis bøker





### Innhausting

I august og september vil vi bruke litt tid å finne det vi finn i naturen denne årstida og prøve å smake på det vi finn, som td. Krabbe, eple mm. Her har vi fokus på at barna skal smake på det vi kan hauste og det vi får av foreldre som kjem med frukt og grønnsaker. Vi er oppteken av at vi lagar mat frå botn og barna får smake på squash kakerv,grønsaksuppe, steikte poteter, eplejuice eller  eplekake.

Sanger vi syng i september:
«God morgon alle saman»
«Takk å pris for at alle e her»
« Når det brenner»
«Bjørnissongane «
 Songar og regler om epler/plommer





**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no



# September 2024



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 36 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| 37 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| 38 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 39/40 | 23/<br>30 | 24 | 25<br>Tomine 1 år | 26 | 27 | 28 | 29 |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Oktober

I Oktober er haust månaden der vi ser at lauva begynner å dette av blada, og haustfargane sette sitt preg på naturen rundt oss. På samling snakkar vi om kva som skjer i naturen og kva farger vi ser i denne perioden. I oktober vil vi førebu oss til haustfest ilag med skulen.

Sanger vi syng i oktober :
«Blada dette ned»
«God morgon alle saman»
«Takk å pris for at alle e her»
«Haust songen »
«Takk for sol, takk for lys«







### Livmestering og helse

- Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å skal sørgje for at barna trivast, og får oppleve glede, meistring og eigenverdi.
- I dette arbeidet vil vi:
- Legge til rette for små leikegrupper og gi støtte i leiken
- Språkstimulering i kvardagssituasjonar ,i samling, i førskulegruppe, språkshow og språkgruppe.
- Hjelpe barna til å takle utfordringar med både eigne og andre sine kjensler.
- Gi barna ei pause med roleg leik, lesing, eller kvile.
- Gi barna ulike rørsleerfaringar og eit godt grunnlag for sunne matvanar.
- Observere barna sin leik og interesser og legge til rette for å utvikle det.
- Støtte barna i samspel med andre og bygge opp om vennskap.

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no



# Oktober 2024



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 40 | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| 41 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 |
| 42 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 |
| 43 | 21 | 22<br>Lucja 5 år | 23 | 24 | 25 | 26 | 27<br>Sommertid slutt |
| 44 | 28 | 29 | 30 | 31<br>Halloween | | | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## November

November er månaden vi avsluttar tema haust  og begynner med juleførebuingar. Vi startar med å øve på julesongar for å vere klar til julefesten i starten av desember, vi syng Lucia songen frå Jul i Svingen.

Når mørket er som mørkest
Og ingen klokke slår
Da virker det som natten
Har vart i hundre år
Når alt er stille ute
Og solen har gått ned
Da kommer vi langs veien
I lyset vi har med

Santa Lucia - Santa Lucia
Når natten er sort
Så tenner vi lys
Og drar mørket bort

Songar vi syng i november :

- God morgon alle samme
- Alle barna klapper
- I den stille julenatt,
- Julehjerte,
- Luciasang frå Svingen,
- Så tenner vi det 1.lys
- På låven sitter nissen,
- Musevisa,
- Eit barn er fødd i Betlehem,
- O,jul med din glede
- Eg gjekk meg over sjø og land







# November 2024



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 44 | | | | | 1<br>Vilde 1 år<br>Nicolai 5 år | 2 | 3<br>Allehelgens-dag |
| 45 | 4<br>Tiril 4 år | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10<br>Farsdag |
| 46 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 |
| 47 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 |
| 48 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Desember

Førjulstida er ei av dei kjekkaste tida i barnehagen.

Vi har fleire samlingar med tema knytt opp mot advent, Lucia, nissar og juleevangeliet.

Vi har  Lucia feiring der dei største syng for dei minste. Vi har nissefest og dei eldste reiser til kyrkja i lag for å delta på juleguds teneste.  Kvar dag har også avdelingane ei eiga adventssamling. Her har vi ofte høgtlesing av ei bok, vi syng julesongar og har nedteljing mot jul Advent betyr altså ventetid, og mange kan nok tenkje at det kan vere litt kjedeleg å vente, men venting handlar og om forventning og om å gle seg til noko. I barnehagen skal vi fylle ventetida med gode opplevingar og i desember månad er også sansane våre spesielt i fokus. Vi ser, lyttar, kjenner og luktar jula.









# Desember 2024



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 48 | | | | | | | 1<br>1. søndag i advent |
| 49 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| 50 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13<br>Luciadagen | 14 | 15 |
| 51 | 16<br>Lykke 2 år | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 52/<br>1 | 23/<br>30 | 24/31<br>Julaften<br>Nyttårsaften | | | 27 | 28 | 29<br>Varg 4 år |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# Januar

I januar vil vi ha fokus på bøkene Lukas og Kim og Malvin på Skitur. Vi vil også lese vinter eventyr som Korleis bjørnen blei stubbrumpa og Korleis snøen fekk fargen sin og samisk eventyr (Reven og Kråka). Vi kjem også til å jobbe med utviklingsprosjektet vårt og har fokus på doktorleik.

Mål i denne perioden er :

- at barna skal få kjennskap til nokre vintersongar med ein del tekst ·

Lære om vatn – snø og is – smelte og fryse ·

Vere med på eksperiment med snø og farge

Bruke ask symbol i leiken










# Januar 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | 2 | 3 | 4 | 5 |
| 2 | 6 Kommunal planleggingsdag | 7 | 8 | 9 Elias 3 år | 10 | 11 | 12 |
| 3 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 |
| 4 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 5 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Februar

Februar er månaden vi feirar samane sin dag den 6.februar, og det er også denne månaden vi har vinterfest. Vi har gått vekk i frå det tradisjonelle karnevalet og vi lagar våre eigne kostymer og har gått over til å kalle det vinterfest. Dette er også ein meir berekraftig enn at foreldre må kjøpe dyre kostymer til det karneval. Ungane er med i prosessen med å lage sin kostymer noko som gjer at det er ekstra stolte når dei skal kle seg ut.  .



Snøkrystaller, snø som faller
Snø på trærne, Snø på klærne
Snø på bakken
Au en snøball midt i nakken

Det snør, det snør, tiddeli bom.
Det er det det gjør, tiddeli bom.
No snør det mye mer enn før tiddeli bom og huttemeg tu.
Så kaldt det er, tiddeli bom.
Eg kjenne  det her, tiddeli bom.
Eg eg kjenner det på mine tær tiddeli bom og huttemeg tu.

Blir det snø, så kan dei som vil ta med ski og dei får øve seg i barnehagen. Det er kjekt å sjå på kjensla av meistring når dei endeleg kan stå ned ein liten bakke utan å dette.



**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no



# Februar 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | | | | | | 1 | 2 |
| 6 | 3 | 4 | 5 | 6<br>Samane sin dag. | 7 | 8 | 9<br>Morsdag |
| 7 | 10 | 11<br>Luna 2 år | 12 | 13 | 14<br>Valentinsdagen | 15 | 16 |
| 8 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 |
| 9 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Mars

I mars er den første vår månaden og vi kan sjå dei første teikna på nytt liv i naturen. Det er også denne månaden vi har førebuingar til påske.  Det store høgdepunktet er å følje egga i rugemaskina og bli med på å sjå når kyllingane kjem ut av egga. Vi brukar også å ha ulike eksperiment med egg lagt i rødkål saft.I mars har vi også ein tradisjon med skitur for dei eldste, då brukar vi å reise til lysløypa i Engesetdalen.







# Mars 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 9 | | | | | | 1 | 2<br>Fastelavn |
| 10 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 |
| 11 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14<br>Maria 5 år | 15 | 16 |
| 12 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 |
| 13/<br>14 | 24/<br>31 | 25 | 26 | 24<br>Trygve 5 år | 28 | 29 | 30<br>Sommertid start |


**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

# April

I april kan vi endelig begynne å så frø til plantene, i denne prosessen får også barna bli med på å lage bokashi. Gjennom dette skal barna få kjennskap til miljøvern; resirkulering, gjenbruk og komposte . Under såing får barna bli med på å eksperimentere med ulike metodar under såinga og lære kva plantene treng for å vekse.  I april skjer er det også spennande og følje med på kva som skjer i dei ulike fuglekassene vi har i barnehagen. Vi har fleire fuglekasse med kamera og her får vi direkte overføring av kva som skjer under heile prosessen fra bygging av reir, ruging/ klekking av egg og fuglemating.

No skinne sola i vinduskarmen og katta maler som aldri før.
Han ligge langstrakt å kjenne varmen og er ei katte med godt humør.

Heisann og duliatten dei, for sola og deg og meg





En liten kylling i egget lå
Det banket og banket på
Her er det trang eg vil ut å gå
Peip den og ynka seg der den låg.
Hakk hakke hakk, egget det sprakk
Og eit lite hode ut av det sprakk



# April 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 14 | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| 15 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 Palme-søndag |
| 16 | 14 | 15 | 16 | 17 Skjærtorsdag | 18 Langfredag | 19 Påskeaften | 20 1. påskedag |
| 17 | 21 2. påskedag | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 |
| 18 | 28 | 29 | 30 | | | | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Mai

I mai har naturen verkeleg vakna og vi ser nye blomstrar og fuglar kvar veke. I denne perioden har vi fokus på å lære oss namna på ulike fuglar og blomster. Barna skal også få kjennskap til kvifor vi feirar 17.mai og lære nokre av songane vi syng 17.mai.  Vi har som tradisjon å feire mini 17.mai dagen før sjølve dagen. Då går vi i tog med korpsmusikk, ete god mat og leikar 17.mai leikar.




Blomster små, gule blå,
titter opp av marken nå.
Vinker til, -Mari- lill (med navnet til barnet),
for hun er så snill.



Alle fugler små de er
kommet nå tilbake.
Gjøk og sisik, trost og stær
synger alle dage.
Lerka jubler høyt i sky,
ringer våren inn på ny.
Frost og snø de måtte fly,
her er sol og glede.



# Mai 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | | | | 1<br>Offentlig høytidsdag | 2 | 3 | 4 |
| 19 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| 20 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17<br>Grunnlovs-dag | 18 |
| 21 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 22 | 26 | 27 | 28 | 29<br>Kristi himmelfartsdag | 30<br>Planleggingsdag | 31 | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Tittel

Tekst

I juni brukar vi å kunne nyte varme dagar på tur til fjøra, der vi leiter etter krabber og skjell.  På sommarfesten blir det underhaldning med alle barna og avslutning for dei eldste. Dei eldste har også som tradisjon med overnatting i barnehagen  og tur til Eventyrskogen. Jonsokfeiring med fantetog har vi fast kvar jonsok, då kler vi oss ut og går i fantetog langs vegen på Gryta







# Juni 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 22 | | | | | | | 1 |
| 23 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 Ylva 2 år | 7 | 8 1. pinsedag |
| 24 | | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| 25 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 Sommer-solverv | 22 |
| 26/27 | 23/Jonsokfeiring 30 | 24 Midtsommer | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no

## Juli

Denne månaden har mange begynt på ferie og vi har mindre faste opplegg.   Då vi er færre barn er  vi ofte felles og vi legg opp til turar og kjekke aktivitetar uansett vær.

Vi minner om å gi beskjed om barnet ditt skal ha fri før det går ut i ferie.







# Juli 2025



| UKE | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Lør | Søn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 27 | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5<br>Isak 4 år | 6 |
| 28 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 |
| 29 | 14<br>Emil 2 år | 15 | 16 | 17 | 18 | 19<br>Mia 3 år | 20 |
| 30 | 21 | 22 | 23 | 24<br>William 6 år | 25 | 26 | 27 |
| 31 | 28 | 29<br>Olsokdagen | 30 | 31<br>Sander 5 år | | | |

**Utigarden Barnehage**
Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne
Tlf. 95039487. E-post: styrar@utigardenbarnehage.no